

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr. 36

Herad: Nedstrand

Emne: Måtar å refsas folk på.

Bygdelag.

Oppskr. av: Tore Sandsgaard

Gard: Sandsgaard

(adresse): Nedstrand

G.nr. 50 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Tala med eldre folk,

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

A I ymse tilhøve.

Eg har alltid høyrte at folk som ~~ikkje~~ arbeidar gale og ikkje får arbeidet frå seg vart til lotterløgje som f folk segjer her, men har ikkje høyrte det har vore bruka noko særst namn på dei.

1 Nei det har eg ikkje høyrte noko om .

2 Det har eg ikkje høyrte noko segner om.

3 Nei, Men det har vore skikk frå gamall tid og i like til dei siste åri at når det kom ein friar roande over fjorden så tok ofte ungdomarne båten hans og drog så langt opp på land at han laut ha hjelp til å få han på sjøen når han skulle ro heim.

B.

4 Det var berre når det var nære skyldfolk at dei gjekk til einannan 1: juledag og då måtte dei vera bedne. Noko namn på dei som gjekk sjølvbedne har eg ikkje høyrte.

5 ~~Ein~~ Ein sa at dei laut bera verahondne.

6 Ein gamall mann som eg kan hugsas vart kalla reven av det han var ~~såxint~~ ein luring og gjorde så mange fantestykke med folk. Ein vart kalla " svampen" av det han var så forveten når han var gutunge.

Det var ofte at ein kalla ei kona eller ei dotter med

mannen eller faren sitt fyrenamn fyrstt.d. Lars-Anna.  
Eit lite døme på at det kunne vera onnorleis:

Ola var gift med Else, han vart kalla Else-Ola. Staden  
dei budde vart kalla Elseberget. Else døydde Ola vart  
då gift med Gunla og ho vart kalla Else-Gunla. Gunla  
døydde kring 1910.

På strandstaden Stranda her på Nedstrand Var det kring  
1900 nokre koner som vart kalla for madam, det var  
kona til ein fanejunker, kona til ein lærar og konerne  
til handelsmennene. Eg har ikkje høyrt at konerne til  
andre menn her vart kalla for madam.